Område: Gaupne

Formål: 1160

Areal: 14.2 daa

Gaupne helse- og omsorgssenter

Det er behov for eit nytt helse- og omsorgssenter i Gaupne, som skal sikre gode tenester for befolkninga inn i ein framtid med aukande andel eldre. Kommunen har idag tre sjukeheimer. Prosjektet vil gjere at ein kan flytte sjukeheimsplasser til Gaupne og redusere i dei andre bygdene. Eit viktig mål for prosjektet er å skape føresetnader for eit godt arbeidsmiljø som sikrer rekrutteringa i framtida. Det vart i utgangspunktet vurdert å tilbakeføre dette området til LNFR. Utover i planprosessen har det dukka opp utfordringar med lokalisering av helse- og omsorgssenter på dagens tomt, noko som gjer at dette arealet blir satt av. Lokasjonen er god fordi den er tett på hovudvegen, nær sentrum og områdte rundt er flatt.







Omdisponering arealklasse

Arealklasse	Areal (daa)
Fulldyrka	13.6
Overflatedyrka	0
Innmarksbeite	0
Dyrkbar	0.3
Myr	0
Skog	0

Skildring av område

Flatt lanbruksområde langs Engjadalselvi som har vert sett av til framtidig sentrumsutvikling i føregåande arealplanar sidan 2008. Området utgjer 13,6 daa fulldyrka jord. Det er tett på hovudvegen og omkransa av campingplass, bustader og Gaupne hotell.

Konsekvensutgreiing

Kommuneplanen sin arealdel for Luster kommune 2024 - 2036

Tilråding: Vidare til planforslag

Det er eit klart behov for nytt helse- og omsorgssenter i Gaupne, og dette arealet kan vere godt eigna. Ein føresetnad er at krav til sikkerheit mot naturfare kan imøtegåast gjennom ytterlegare kartleggingar og sikringstiltak på meir detaljert plannivå. Reell naturfare og behov for sikringstiltak bør avklarast tidleg i planlegginga. Prosjektet har fordel av at det ligg nær vegen og eksisterande utkjørslar. Tilkomstvegar bør vurderast oppgradert med tanke på endring i trafikkmønster med fleire bilar, utrykniongskjøretøy og fotgjengarar. Også sett i samanheng med nytt bustadfelt i Hotla. Ein bør ivareta kantvegetasjon langs elva og utforme uteområda på ein måte som kjem brukarar og innbyggjarane i Gaupne til gode. Ein må finne areal å flytte landbruksjorden til.

Miljøtema			
Tema	Verdi	Påverknad	Skildring og konsekvens
Friluftsliv og rekreasjon	1	1	Kan føre til betre gangforbindelse og uteområde
Kulturminne og kulturmiljø			Ingen registreringar bortsett frå gult SEFRAK bygg.
Landskap	1	-1	Bygget vil redusere landbrukspreget i Gaupne og bygget vil bli høgt og dominerande.
Naturverdiar og biologisk mangfald	2	-1	Det er ingen registreringar på sjølve arealet som er sett av til offentleg og privat tenesteyting, men langs elva er det registrert semi-naturleg eng med stor verdi. Dette er eit av svært få områder i Gaupne sentrum som har spesiell naturverdi. I prosjektet bør naturkvalitetene langs elva ivaretakast og styrkast, og sjåast som ein verdi for både dei på bygget, og for resten av Gaupne sentrum.
Strandsone	1	1	Kan ha positiv effekt ved å gjere areal ved Engjadalselvi meir tilgjengeleg for innbyggjarane
Energibruk			
Ureining inkl. vassmiljø			
Støy			
Klimapåverknad av utbygging	2	-1	Nedbygging av dyrka mark

Samfunnstema	
Areal og transport	Det er ein stor fordel at prosjektet er lokalisert nær hovudvegen og at eksisterande utkjersler kan nyttast. Ein bør oppgradere vegen mot Sandviki.
Infrastruktur og offentlege tenester	Området ligg tett på sentrum og vil kunne knytast mot eksisterand einfrastruktur. Det er omtrent i same avstand til pyramiden som den alternative plasseringa der sjukeheimen ligg idag.Samanlikna med alternativ plassering er det ein ulempe at det vil vere litt lengre distanse til kommunale pasientbustader.
Samfunnstryggleik	Området er potensielt utsett for både skred i bratt terreng, kvikkleireskred, flaum, stormflo og overvatn. Faremomenta vil kunne gjelde dei fleste aktuelle lokasjoner for S3 bygg i Gaupne. Ytterlegare utgreiing av skredfare og eventuelt sikringstiltak som heving av bygg vil truleg kunne gjere prosjektet sikkert. Ein bør avklare at det er muleg å sikre mot naturfare før ein går vidare med planlegging.
Universell utforming	Området er flatt og uteområda kan få universell utforming. Ein bør sikre universelt utforma gangforbindelse mot pyramiden og velge demensvennlege løysningar i utforming av uteområde.
Born og unge	Løysningar for uteområde og gangforbinding for helse- og omsorgssenteret vil komme barna i området til gode
Landbruk/jordressursar	Nedbygging av over 13 daa fulldyrka jord.
Omsyn til endra klima	Nedbygging av dyrka mark går utover matsikkerheiten

Risiko- og sårbarheitsanalyse

Kommuneplanen sin arealdel for Luster kommune 2024 - 2036

Uønskt hending	Sannsyn	Konsekvens	Risiko / tiltak
Skred (stein, snø, is, jord, leire, fjell)	3	3	Området er i faresone for 5000 års skred. For samfunnskritisk infrastruktur er dette ikkje godt nok. Det er også aktsemdområde for kvikkleireskred på sørlig del av området og i lia ovanfor. Skredfare må avklarast og eventuelle sikringstiltak må planleggast for i arbeid med reguleringsplan.
Flaum i vassdrag	3	3	Området er flaumutsett. Ein må avklare flaumfare meir detaljert i arbeidet med reguleringsplan og implementere sikringstiltak ved utbygging. Ein risikerer å måtte heve arealet ganske mykje.
Tidevassflaum	3	3	1000 års stormflo i 2100 går heilt i grensa på området. Kombinasjonen av flaum og stormflo kan føre til ekstra høg vannstand i dette området. Utgreiing av flaumfare må inngå som del av detaljplanarbeid.
Grunnforhold, radongass	2	2	Potensielt høg radonfare. Dette må håndterast i byggeproskjektet.
Vindutsett			
Nedbørutsett/ overvatn	3	3	Det går dreneringslinjer ned mot området frå stikkrenner som vart kartlagt i arbeid med kritiske punkt i bekker og bratte vassdrag. Siden området er flatt kan det vere utfordrande å lede vatn bort. Engjadalselva er rundt 20 km2 og kan reagere relativt raskt på ekstreme nedbørshendingar. Jf. føresegnene til arealdelen skal byggverk ha buffer på 50 m mot elva for å redusere flaumfare og ivareta kantvegetasjon.
Akutt ureining			
Elektromagnetiske felt			
Støv og støy	2	2	Området ligg nær vegen og innafor gul støysone.
Ureina grunn			
Ureining i sjø/vassdrag			Redusert avrenning frå landbruk, men auka bruk nær elva og potensiale for meir bås.
Biologisk mangfald, naturtypar og verneområde	2	2	Det er ingen registreringar på sjølve arealet som er sett av til offentleg og privat tenesteyting, men langs elva er det registrert semi-naturleg eng med stor verdi.Dette er eit av svært få områder i Gaupne sentrum som har spesiell naturverdi.
Sårbare verksemder	1	1	
Verneområde			
Vassdragsområde	2	2	
Kulturminne og kulturvern	2	2	Ingen registreringar utover eit sefrak bygg (gult / annet) i kanten av området.
Ulykke med farleg gods			
Trafikktryggleik	2	2	Nærleik til vegen og bruk av eksisterande kryss er ein stor fordel med prosjektet. Ein bør utbetre vegen langs Sandviki med gangfelt for å sikre fotgjengarar ved auka personbiltransport og trafikk frå utrykningskjøretøy. Vegen vil også få auka gangtrafikk.
Skipsfart			
Anna			